



Hardinglaup: Fykkesundet rundt

1. august 2015

54 km // 2500 høgdemeter

Velkomen til det fyrste ultraløpet i Hardanger!

Om arrangementet:

Hardinglaupet Fykkesundet rundt er det fyrste ultraløpet over 50 km med start og mål i Hardanger. 50 deltakarar vert ynskt velkomne til ein fredeleg kappestrid gjennom eit spennande høg fjellsterreng kor få folk ferdast. Kun to sauebønder og ein og annan lokal jeger ferdast i dette området...

Løpet inngår i arrangementsporteføljen i prosjektet "Hardanger åtgaum" og er også del av tevlinga "Ultrahardinga 2015".

Påmelding startar medio januar 2015.

Løypa:

Løpet går rundt heile Fykkesundet – frå bru til bru. Start kl 0800 frå Fykse skule som ligg sentralt i det premierte kulturlandskapet i Fykkesund landskapspark. Umerka løype heile vegen stiller krav til høg fjellskompetanse og orienteringskunnskapar. Traséen startar på veg gjennom grenda opp til Bjørke. Vidare på skogsveg til stølen Nyasete. Deretter på sti forbi stølen Stavdal med oppfang i enden av dalen, i Brattefonn. Runda rundt Vetlatvatnet og Bjølsegrøvatnet til stølen Muren. Frå Muren opp på Kistefjell. Dersom sikt, ta kurs beint mot Kyrkjesteinen. Bryt av ned skar på hylle NA for Jaradalsvatnet med kurs mot Juklavatnet. Beach flag og sjekkpunkt der. Vidare retning Svartavatnet. Fyl så dalføret ned mot stølen Songrø. Sjekkpunkt og opplegg for transport etter cut off kl 15. Frå Songrø ein del enklare terreng og orientering. På sti over til Hardingaskaret. Fyl så T-merka sti over Sveindalseggi – Løkjesdalen – Blåkoll. Sjekkpunkt i Linga-hytta. Traséen fyl vidare rundt Blåkollvatnet – Lomatjørni. Ta av T-merka aust for vatn 779. Her fyl deltakarane den gamle buførevegen – Fjellvegen – mellom Øystese og Hamlagrø. Sjekkpunkt på Myrsete. Eit flagg markerer retning etter passert Langhaugtjørna. Passerer ned med Oaldstjørn på høgre hand med kurs mot Skarpenuten. Så ber det nedover mot stølane Skårsete og Sekk. Deretter på skogsveg ned til grenda Skåre. Derifrå asfaltveg forbi Porsmyr til Fykkesundbrua og opp att i Fyksegrenda. Målgang på Fykse skule.

Tryggleik:

Arrangør syter for eit systematisk tryggleiksopplegg for utøvarane. Det vert stilt strenge krav til kompetanse hjå deltakarane og samtlege pliktar å fylgja GPS-sporet arrangøren har laga. I sekken skal deltakarane ha fullada telefon i vasstett behaldar (NB! Lite dekning undervegs!), kompass og kart over heile område, GPS med innlasta spor og nye

Lithium-batteri, vass- og vindtett bukse og jakke, hanskar/vottar, lue og nok mat til heile turen. Det er mange høve å fylla vassflaska undervegs.

I løypa vert det obligatoriske sjekkpunkt samt utplasserte mannskapar frå Røde Kors. På sjekkpunkta leverer deltakarane frå seg laminerte strips med deltakarnummer på.

Sjekkpunkt 1: Muren (Røde Kors)

Sjekkpunkt 2: Juklavatnet

Sjekkpunkt 3: Songrø (Cut off kl 15)

Sjekkpunkt 4: Blåkoll

Sjekkpunkt 5: Myrsete (Røde Kors)

Kåring:

Det vert kåra vinnar i klassen for beste mann og dame. Vinnarane får innrita namnet i ein eksklusiv vandrepremie – ein hardingfelekasse – som vert stilt ut på Kvam bygdemuseum på Storeteigen.

Alternativ tur:

Tykkjer du løpet vert for langt? Ta halvparten då! Bergen og Hordaland Turlag set saman med Kvam Turlag opp fellestur med båt inn Botnen og sams vandring ut sundet attende til Fykse. Bornas Turlag i Kvam skipar også til ein kortare tur for borna i nærleiken.

Sosial etappe:

Fykse grendalag syter for lokal mat og kaffi til både fjellfant og fagnamann i målområdet på Fykse skule. Aktivitetar for små og store på skuleplassen, samt stor grendafest om kvelden!

Med venleg helsing nemnda

Arne Lunestad – Morten Laupsa-Borge – Odd Arne Botnen – Bjørnar Fykse – AK Glück-Teigland



Velkomne til ein fredeleg kappestrid i 54 km i høgfjellsterreng!